

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim

Kyrkjevalet 2023

I september er det kyrkjeval for medlemmer i Den norske kyrkja. Valdagen er 11.september, men førehandsvalet startar allereie 10. august. I år er det for første gong mogeleg å stemme digitalt.

Alle medlemmer kan delta i valet på eigen mobiltelefon eller pc, når som helst og kor som helst, frå 10. august.



DIGITAL FØREHANDSSTEMMING

- Veljarar loggar seg på med Bank-ID eller tilsvarande
Du finn link på www.kyrkjevalet.no
- Ein kan stemme så mange gonger ein vil, den siste stemma blir den teljande
- Ein kan ikkje stemme på nytt på papir viss ein har stemt digitalt
- Det er veljaren som har ansvar for at det blir hemmeleg val

DET BLIR VANLEG FØREHANDSSTEMMING:

Kyrjekontoret Austrheim: Torsdag 31.august kl 15.00 – 20.00

Nordliheimen: Fredag 1.september kl 10.00 – 12.00

Ta kontakt om du ynskjer å førehandsstemma på kyrkjelydskontoret i kontortid, evt kan me kome på heimebesøk også i kontortid

Måndag 11.sept kan du stemme i vallokala på Ungdommens hus (Årås krins) og Kaland skule (Kaland krins) i tidsrommet kl. 14.00 – 21.00



Kyrkjebakken nr. 6 – 2023 – august nummeret – årgang 52- nytt stoff innan 15.september



KYRKJEBAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslau 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:
Sokneprest:Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukland 41 30 85 58
Soknerådsleiar
Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

Redaksjonen
Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat
for eventuelle endringar.

11.september
Kyrkjeval

15-17 september
Barnehelg i kyrkja – pyjamasfest

17.september
**Familiegudsteneste med innsetjing av
sokneprest Stein Hugo Fykse kl. 11.00**

27.september
Bygdetreff kl. 11.00

01.oktober
Eldregudsteneste kl. 14.00

ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-
1 / 4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!

FRISTAR FOR KYRKJEBAKKEN

Nytt stoff innan:	Kjem ut:
18.august	30.august
15. september	27.september
13. oktober	25.oktober
17.november	29.november

«Ver ikkje urolege for noko...» (Fil 4:7)

Orda tilhøyrer Paulus og møter meg i ein av bibeltekstane frå Fillipparbrevet for akkurat denne veka i august. Eg har nok å vera uroleg for. Det kan handla om alt frå krig i verda, miljøkrise og varmerekordar, til helsetilstanden til nokon av mine næraste. Eller noko så prosaisk som uro for om arbeidsdagen min vert leveleg på bakgrunn av om eg får utføra mitt arbeid med gode nok rammevilkår. Det er mange ting ein kan uroa seg over og som i ytterste fall kan påvirka nattesøvnen.

Paulus hadde all grunn til å vera uroleg. Han sat i fengsel i Roma, då dette brevet vart skrive. Kva kom til å skje med han? Ville han bli dømt og tatt livet av? Ville han bli plaga og torturert for trua si? Kva med alle venene og kontaktane han hadde? Korleis skal det gå med dei?

Midt oppi alt dette seier han – og kanskje han seier det til seg sjølv også - «ver ikkje urolege for noko..». Og tidlegare i det same avsnittet «Gled dykk i Herren alltid! Endå ein gong vil eg seia: Gled dykk!»

Ingen av oss slepp unna livets realitetar. Det kan vera ulike

former for plager og sjukdom. Det kan vera relasjonar som er problematiske og utfordrande. Det kan vera forhold på arbeidsplassen eller i heimen, som kan gjera livet vanskeleg. Det kan vera vanskelege forhold vi hamnar oppi, enten fordi vi er skuld i det sjølv, eller det er urett vi er påført av andre.

Midt oppi alt dette møter vi dei gode Pauliorda: «Ver ikkje urolege for noko..» Dette er jo ganske paradoksalt. Midt oppi alle kriser skal vi ikkje vera urolege for noko. Ganske sjølvmotseiande. Og likevel ikkje. Vi får dela ei tru og ein dimensjon som løfter oss opp, trass alle ytre og indre omstende. Vi har ein stad å gå, til ein Gud som er nær i kvardagen, ein stad der våre bønner har ei adresse.

Å bli løfta opp, trass alle omstende, gjer oss frie. Frie til å tena, til å bry oss, til å bidra på ulike sett. I dei store tinga og i dei små og kvardagslege.

«Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus» (Fil 4:7).

Leif Arne Økland



Tangorytmar i kyrkja

Normalt vil eg svare «Deg være ære» på spørsmål om Min Salme. Den står fjellstøtt og er min klare favoritt. No vert det heldigvis skrive flotte og nyare salmar også, og ein av desse er nyleg introdusert i kyrkja vår. Salmen er «Fordi han kom og var som morgnrøden».

Teksten er flott, og den er fantastisk flott å syngja. Når organist Jostein trakkar til og forsongargruppa vår stemmer i, ja då kjenner eg på at taket kan løfte seg i kyrkja. Flott tekst og fengande tangorytmar fyller kyrkja på ein fantastisk måte.

Fordi han kom og var som morgnrøden,

NoS 479T Federico José Pagura 1979

O Holger Lissner 2000 / Estrid Hessellund

2000M Homero R. Perera 1999

*1 Fordi han kom og var som morgnrøden
og brøt Guds taushet og vår angst for døden,
fordi han gjennom handlinger og taler
har lukket porten opp til Himlens saler,*

*fordi han var Guds sønn og en av våre
og gikk omkring i gater og i gårder
fordi han lot de siste bli de første
og lot de blinde se og småfolk trøste,*

*så kan vi holde ut i vonde tider,
så vet vi Gud er nær selv når vi lider,
så kan vårt brutte håp mot solen stige,
så kan vi se at kommet er Guds rike*

*så kan vi holde ut i vonde tider,
så vet vi Gud er nær selv når vi lider,
så kan vårt brutte håp mot solen stige.
Gud er hos oss.*

*2 Fordi han jaget kremmere fra templet
og innbød dem de fromme hadde stemplet,
fordi han lo når barna sang og danset
og spredte liv som prester ikke sanset,*

*fordi han tømte kalken uten klage
og måtte gallen fra vår ondskap smake,
fordi han bar sitt kors og våre synder
slik at hans død vårt nye liv forkynner,*

Omkved

*3 Fordi en morgen så han sprengte graven
og dødens brodd ble brutt den dag i haven,
fordi Guds budskap om ham ikke stanser,
men bryter ut i sanger, ord og danser,*

*fordi hans Ånd får hjertet til å smelte,
og med et pust får murer til å velte,
fordi han Ånd får gamle til å drømme,
gir unge syner om at liv kan strømme,*

BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

FONNES FILIAL STENGT

Fonnes filial er stengt på grunn av den pågående ombygginga av Kaland skule. Ombygginga skal vera ferdigstilt til sommaren 2023, det kjem nærare informasjon når biblioteket opnar igjen

Følg oss gjerne på facebook

God bok



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

08.30-12.00 .

Telefontid: 08.30 - 12.00 og

13.00 - 14.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen /kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42
56 16 21 38

Høyrskontakt i

Austrheim 56 16 21 23

Eldredag 2023

Søndag 1. oktober 2023

Austrheim Eldreråd inviterer alle pensjonistar m/følgje til markering av Eldredagen søndag 01.10.23

Gudsteneste i Austrheim Kyrkje kl. 14.00

Festsamvær i Austrheim Samfunnshus kl. 15.00

UNDERHALDNING OG MIDDAG



Konsert og underhaldning ved

Veslemøy Fluge Berg, Peter Harald Sæverud,

Kristian Wedberg, Jan Tore Ness

*Støtta av Den kulturelle spaserstokk
Bindande påmelding til Austrheim kommune,
Servicekontoret tlf. 56 16 20 00, frist 20. september*

Pris: Kr 350,-

Meld frå om du har noko form for matallergi.

Velkomen!

Arr: Austrheim Eldreråd

Landbruksdagen i Austrheim 2023

Laurdag 23.09.2023 kl 10.00 – 15.30

i og ved Austrheimhallen.

Kåringssjå for verlam frå Austrheim og Radøy.

Framvising av små og store dyr, maskiner og utstyr, ulike utstillingar ute og inne, sal av husflid, gardsmat, kvalkjøt, frukt og grønt m.m.

Austrheim Sogelag med temautstilling «Mat, hus og heim»

Sauklypping, kipebinding, hesteriding og mange aktivitetar for store og små.

Tippekonsurransar og loddsal, med fine gevinstar og premiar.

Ver god og parker på tilvist plass.

Gratis veteranbuss frå parkeringen v/senteret bort til hallen.

Sal av betasuppe, hotdogs, vaflar

Betaling med kontantar eller Vipps.

Landbruksdagen er godkjent som

Biosfærearrangement.

VEL MØTT !

Austrheim Landbrukskvinnelag,

Austrheim Sau og Geit, Radøy Sau og Geit.



Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg?
No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærrområde.

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på fosterheim.no

Illustrasjonsfoto

Mange takk

til diakoninemnda for oppmerksomheten på dagen min, og til Aud som kom med den.

Helsing Osvald Nesbø

Takk

for gåve frå diakoninemnda til dagane våre.

Helsing
Ingebjørg og Asbjørn Tolleshaug

Takk

til diakoninemnda for gåva eg fekk på dagen min, og takk til Anny som kom med den.

Helsing Borgny Sætre

Bygdetreff

i haust vert:
30.august
27.september
25.oktober
29.november

Takkeannonser

Hjertelig Takk

for all omtanke, fine blomsterhilsener, velferdsgave til kreftpoliklinikken og deltakelse ved min kjære mann og vår gode pappa Christian Dreyer Skre sin bortgang og bisettelse.
Monica, Aleksander, Frida og Håvard

Hilsen
Monica Fonnes

Tusen takk

til ho Anny , for den gode hjertesjokoladen ho kjem med kvart år.Og så vil eg takka for dei flotte benkane i turløypa som ho og han Arne har laga. Flott gjort!

Helsing Helene Dahle

Ei stor takk

helsingar og gåver til alle som hugsa meg eller vitja meg på min 100-årsdag. Ei særskilt takk til Målfrid som i 20 år har kome med rose og sjokolade frå diakoninemnda.

Beste helsing Judit Norebø

Austrheim sokn

Gravferd

05.06: Bjarte Friborg f. 1966
27.06: Kjell Inge Natås f. 1942
14.07: Johan Olav Fonnes f. 1952
04.08: Signe Øksnes f. 1928
18.08: Norleif Inge Sætre f. 1946
22.08: Solbjørg Kari Sætre f. 1947

Døypte


13.august:
Oline Erichsen Låstad
Noelle Erichsen Låstad
Tale Erichsen Låstad

Oppsummering etter Open Kyrkje

Også denne sommaren greide vi å gjennomføra Open kyrkje i kyrkja vår. Takk til dei frivillige som sette av ein eller fleire ettermiddagar for å vera vertskap.

Å halda open kyrkje var i år som i fjor eit samarbeid mellom soknerådet og Austrheim sogelag.

I løpet av juli hadde vi kyrkja open 16 dagar, og totalt har det vore innom 79 personar. Dette er om lag 15 fleire enn i 2022. Kven er så desse folka som kjem innom? Nokre lokale som kjem for å ta ei stille stund og kanskje tenne lys i globen, det er hyttefolk og det er tilreisande frå inn og utland, det er bilistar og det er syklistar. Turistane kjem frå mange ulike land, Tyskland, Sveits, Austerrike, England, Finland og Belgia. Dette er veldig kjekt å sjå.



Det er utarbeid ein enkel brosjyre som fortel kyrkja si historie. Denne anbefaler vi til alle austrheimingar som vil vite litt meir om kyrkja vår. Visste du til dømes at døypefonten vår er datert til 1100-talet? Dvs at det har vore døypt austrheimingar i den i 900 år! Brosjyra kan du få i kyrkja eller på kyrkjelydskontoret.

Helge D

Kyrkjevalet 2023

Kunngjering av endelege vallister til sokneråd

Kunngjering av endelege vallister til sokneråd

Med dette kunngjer Austrheim sokn i Den norske kyrkja følgjande kandidatar til soknerådsvil 11. september på Nominasjonskomiteen si liste.

Les meir om kyrkjevalet på kyrkjevalet.no



DEN NORSKE KYRKJA
Austrheim sokn

Kyrkjevalet 2023

Kandidatane er oppførte i prioritert rekkefølge.

1. Helge Dyrkolbotn
2. Anne Dahle Austrheim
3. Bjørn Helge Olsen
4. Gerd Solheim
5. Terje Håland
6. Toril Hordvik
7. Nils Ove Vassdal
8. Hanne Daae
9. Hege Ramsland
10. Randi Dyrøy
11. Linda Brandtun
12. Inger Synnevåg
13. Linda Syslak
14. Inger Anne Austrheim
15. Anny Bertelsen

Bispedømmeråd

I haust er det kyrkjeval, og det einaste vi veit så langt, er at biskop Ragnhild skal sitja på biskopens faste plass i Bjørgvin bispedømmeråd. Dei ni andre medlemene får veljarane vera med på å velja. Blant kandidatane er det i år 49 personar på fire lister.

- Bønnelista
- Frimodig kyrkje
- Nominasjonskomiteens liste
- Open folkekyrkje

Dei som vert vald til bispedømmerådet, vert også medlemmar av Kyrkjemøtet, som er det øvste demokratiske organet i kyrkja.

Les meir om listene og kandidatane på Bjørgvin bispedømme si heimeside

www.kyrkja.no/bjorgvin



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!



Knüter

CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



KILSTRAUMEN

BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel

Tlf: 40 90 02 16

Sætre marka 2 -k-hus

Tysdag ,Torsdag og Fredag

DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson

Tlf: 96 62 66 56

Sætre marka 2 -K-Hus

Tysdag , Onsdag og Torsdag

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

VATNE

begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)

Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø

vatne-byra.no



Sommerfest

Det vart ein fin ettermiddag på sommerfesten til diakonien. Ein bra flokk hadde møtt opp for å høyra Kurt Hatten syngja, spela og fortelja skoser. Rune, som då skulle gje seg som sokneprest i Austrheim/Fedje, inviterte me til å halda andakt. Dette

vart siste andakten som sokneprest han heldt der diakoninemnda var arrangør. Bodil takka han frå nemnda og overga boka "Karitankar" av Kari Sørheim som takk for godt samarbeid. Me kjem til å sakna deg Rune, og ønskjer deg lukke til som pensjonist.

ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 3. sept, Formiddagsmøte kl 11:00 Odd Sverre Hove talar

Søndag 17. sept, Formiddagsmøte kl 11:00 Christian Skoge talar

Søndag 1. okt, Formiddagsmøte kl 11:00 Paul Eknes talar.

Kjellaren for 5-7. trinn. Torsdag 18:00-19:30

Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.



Mastrevik torg
Velkommen til ein god handel!

Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvarer - Bokhandel/Leikar
Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr

Du beholder garantien ved service hos oss

Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.

Bosch Service **Fosnøy Bilsenter** **Mastrevik**

Tlf: 56 16 75 50

BOSCH Service
Car Service

Gallamiddag for Kamerun

November 2023



**NMS ARRANGERER GALLAMIDDAG PÅ ALVER HOTELL
ANG. 100ÅRS MISJONSARBEID I KAMERUN.**

Lørdag 11.november kl.18-21.

Med: Jan-Tore Saltnes frå Nordic Tenors, Sophie Moke Meteke,
Haakon Kessel, Terese Bue Kessel, gruppe frå Gospelsingers.



Gudsteneste for alle

Det var ei fin gudsteneste som vanleg. Dette var også siste gongen Rune heldt andakt i "Gudsteneste for alle" som sokneprest. Fleire var med på rollespelet, mellom anna niesa til Rune. Anette og Rune S overrekte ein fin blomsterbukett frå Laget til Rune prest, og takka han for innhaldsrike kveldar den tida han hadde vore i Austrheim.

Vêret var fint, så saft, kaffi og frukt vart fortært ute



SALG AV NYE BRYGGE PLASSER I AUSTRHEIMVÅGEN BÅTFÖRENING

Austrheim vågen båtförening har for salg brygge plasser i ny betongflytebrygge.

- Ny brygge blir plassert på «neset» utenfor de eksisterende bryggene, med adkomst fra eksisterende gangvei.
- Det selges båser på minimum 3,6m men det kan bestilles større om ønskelig.
- Pris pr 10cm er kr 2500,- En bås på 3,6m vil da koste kr 90 000,-
- Utriggerne er 8 m lang og gangbar på ene siden av båt plass.
- Båsene er på innsiden og utsiden av betongflytebryggen.
- Forutsetning for kjøp er medlemskap i Austrheim vågen båtförening. Medlemsavgift er kr 1000,- /år og 10 timer dugnadsplikt eller kr200/manglende time.
- Båtföreningen har 14 båser for salg, så «første mann til mølla prinsippet»
- Bindende påmelding, eller spørsmål sendes til formann Geir Låstad sin e- post: geir.laastad@hotmail.com
- Før igangsetting av prosess må alle båser være solgt.



Avskilsgudsteneste for Rune Minde



I 4 år har han vore presten vår, og me er veldig takksam for at Rune valde å bruke sine siste arbeidsår fram til pensjon her hjå oss. Han har engasjert seg i meir enn berre kyrkja. Rune var med både her og der. Han var prest for alle på Austrheim. Då pandemien kom, tok det ikkje lang tid før me fekk videohelsingar på nett. Her var det både gudsteneste frå kjøkkenbordet og andaktar både frå Strindane og ute i kajakken. Det er tydeleg at Rune er glad i Austrheim, og me er glad i han.

Så 11. juni var me samla i Austrheimkyrkja for å ta avskil med presten vår. Det vart ei flott gudsteneste der både forsongargruppa, Austrheim songlag, Kristin Minde, Kjell Bergsvik og prost Helge Taranrød deltok. Den gode stemninga i kyrkja tok me med oss bort til kyrkjelydshuset der me fylte alle bord og stolar. Her var det mange som fekk ta ordet og seie noko om kva Rune har betydd for oss. Takk for ei flott tid saman med deg, Rune, og lukke til med pensjonistlivet.



PH | **NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ**
ÆIDER

Varm. Lokal.
Erfaren. Åpen.



Marit K. Haukeland



Marita Haukeland



Sølvi H. K. Mjos



Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • www.nordh-bb.no • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug



BASAR

**SØNDAG 8. OKTOBER KL 16
PÅ SAMFUNNSHUSET**

**ÅRESALG, TREKNING AV LODDBØKER
BEVERTNING
OG UNDERHOLDNING.**



Basarnemnden for Samfunnshuset.

VELKOMMEN TIL LERVÅG BEDEHUS

Søndag 3. september kl. 11. Delemøte.

**Laurdag 16. september kl. 18. Hanne og Harald Sørmo
Holstad kjem med elevar frå Evangeliesenteret sin
bibelskule. Kveldsmat etter møtet.**

Søndag 1. oktober kl. 11. Knut Einar Vabø talar.

Søndag 15. oktober kl 11. Øystein Valde talar.

**24-29. oktober: Fellesmøter i Lindås kyrkje kvar kveld
klokka 19. Hans Martin Skagestad med fleire talar.**

